

OPO FLAUMKRAFTVERK



INFORMASJONSBROSJYRE
NOVEMBER 2017



UTBYGGGAR



Tiltakshavar er Sunnhordland Kraftlag AS (SKL), eit kraftselskap som eig, driv og utviklar vasskraftressursar. SKL har ei rekkje kraftverk i Sunnhordland og på Haugalandet, og har ein eigarpart på 8,75 % i Sima kraftanlegg i Eidfjord, og 2,54 % i Ulla-Førre anlegga i Ryfylke. SKL eig fleire småkraftverk i drift og fleire som er under utvikling. Samla yting er om lag 640 MW, og midlare årsproduksjon utgjer 2,3 TWh. I tillegg eig SKL 15 % i AS Saudefaldene.

SKL er eigd av kommunar og kraftlag i Nord-Rogaland og Hordaland. Dei to største eigarane er Haugaland Kraft AS (43,19 %) og BKK AS (33,77 %).

SAMARBEID MED ODDA KOMMUNE

Til grunn for tiltaket ligg ein samarbeidsavtale mellom Odda kommune og SKL, med mål om å realisera eit flaumkraftverk i Opo for å flaumsikra område rundt Sandvinvatnet og gje auka flaumsikring til Opo.

VASSDRAGET



Opo vassdraget vart verna i Verneplan I, i 1973, og verneverdiane er knytt til at vassdraget i stor grad er urørt oppstraums Sandvinvatnet. Vassdraget er om lag 460 km² stort og strekk seg frå Hardangervidda i aust, Folgefonna i vest og ned til Sørfjorden. Tiltaket ligg mellom Sandvinvatnet og Sørfjorden. På denne strekninga renn Opo gjennom Odda sentrum. Opo har sidan framveksten av industristaden Odda på byrjinga av 1900-talet vore påverka av byggeverksemd. Fleire bruer kryssar elva, og midtre samt nedre del er prega av NVE sitt flaumsikringsarbeid som er etablert etter flaumen i 2014.



Odda sentrum med Opo , frå Sandvinvatnet til Sørfjorden – foto Yngve Vestrheim



GRUNNGJEVING AV TILTAKET



DAGENS SITUASJON

Områda rundt Sandvinvatnet og langs Opo gjennom Odda sentrum er svært utsette for flaum. Rundt Sandvinvatnet er det spreidd busetnad og landbruk. Flaumproblema er mellom anna knytt til høg vasstand i Sandvinvatnet. Flaumane skadar landbruksareal og vassnivået er tidvis så høgt at det når opp til driftsbygningar og bustadhus.

Elva Opo er om lag 2,3 km lang og går frå Sandvinvatnet og ned til Sørfjorden, gjennom Odda sentrum. Her er flaumproblema knytt til store vassmengder med høg fart. Odda sentrum ligg på elveavsetningar og morenemassar, og området er difor lite motstandsdyktig mot erosjon frå naturen si side. Flaum gjev i tillegg høg vasstand i Opo slik at elva kan gå ut over sine breidder. I tillegg til å truga liv og eigedom utgjer ein flaum også risiko for å reaktivere forureining som ligg i grunnen etter mange år med tungindustri i Odda sentrum.

I oktober 2014 vart vassdraget ramma av ein stor flaum med største vassføring i Opo på om lag 775 m³/s. Fleire bustader, vegar og anna infrastruktur vart råka av flaumen. Gjentakintervallet for denne flaumen er rekna til 200 år.

Flyfoto av Opo 29. oktober 2014 – foto NRK



NVE SI FLAUMSIKRING

På bakgrunn av flaumen i 2014 starta NVE eit arbeid med å sikra store delar av Opo mot ein 200-årsflaum med 40 % klimapåslag. NVE sine tiltak er likevel ikkje tilstrekkelege for å tilfredstilla gjeldande krav i byggtknisk forskrift (TEK17) til flaumsikring av Opo gjennom Odda sentrum. Forskrifta seier at samfunnskritisk infrastruktur som mellom anna sjukehus, skal vere sikra mot ein 1000-årsflaum. NVE sine arbeid har ingen flaumdempande effekt for Sandvinvatnet, der det heller ikkje tidlegare er gjennomført flaumdempande tiltak.

KLIMAENDRINGAR

Flaumane i Opovassdraget er venta å auka fram mot år 2100 grunna endringar i klimaet, og det er tilrådd å bruka eit klimapåslag på 40 %. Det inneber at det ved nye utrekningar kan leggjast til grunn ein auke på dagens flaumvassføringar på 40 %. Hausten 2014 var ein av dei større flaumane i vassdraget med høgste vassføring på 775 m³/s. Ut frå historiske data er den rekna til å ha eit gjentaksintervall på 200 år, det vil seie ein 200-årsflaum. Legg ein til forventningane om auke i flaumstorleik, vil denne flaumen ha eit gjentaksintervall på 30 år.

Delar av NVE sitt sikringsarbeid i Opo





Inntak

Deponi Odda Camping

SANDVINVATNET
Kote 87


Terskel, fiskepassasje og
luke for minstevassføring

Fisketrapp

SYMBOLFORKLARING

- Kraftstasjon
- Deponi
- Vassveg flaumverk
- Vassveg kraftverk
- Tilkomsttunnel
- Trasé kabelgrøft





Flaumluker

Deponi Stranda

Utlaup

Deponi Sørfjordsenteret

SØRFJORDEN

OPO FLAUMKRAFTVERK

OPO FLAUMKRAFTVERK



OPO FLAUMKRAFTVERK

Odda kommune og SKL inngått ein samarbeidsavtale om å få fram ei felles, heilskapleg løysing på flaumsikring av Sandvinvatnet og Opo. Ved å etablere ein flaumtunnel oppnår ein både god flaumdemping av Sandvinvatnet og kraftig reduksjon i flaumvassføringa i Opo. Denne løysinga er framtidsretta og oppfyller gjeldande krav frå styresmaktane, også når ein legg til grunn venta klimaendringar. Løysinga er robust ved at den både taklar langvarige flaumar og ved at den ikkje krev mobilisering eller andre førebuande tiltak.


Kraftverket i samband med flaumtunnelen vil gje ny fornybar energiproduksjon, samtidig som det finansierer bygging, drift og vedlikehald av flaumtunnelen. Flaumverket er difor ikkje avhengig av offentlege midlar, verken til utbygging eller drift.

Det er utgreidd plassering av flaumkraftverket både vest og aust for Opo. Etter ei samla vurdering vert det søkt om alternativet vest for Opo.

DIMENSJONERING

Tiltaket gjev god kontroll på flaumvasstandene i Sandvinvatnet og reduserer dei største flaumane i Opo med 500 m³/s. Tiltaket er dimensjonert for å sikra bustadhus rundt Sandvinvatnet mot ein 200-årsflaum inklusiv 40 % klimapåslag, og saman med NVE si pågåande flaumsikring av Opo, sikrar tiltaket Odda sentrum mot ein 1000-årsflaum inklusiv det same klimapåslaget. Flaumkraftverket gjev ein årleg produksjon på 170 GWh, og har ein utbyggingskostnad på 600 mill. kroner.

Visualisering av inntaket i Sandvinvatnet



TEKNISK UTFORMING

Tiltaket ligg i Odda sentrum i Odda kommune. Opo flaumkraftverk består av ein flaumtunnel med eit kraftverk. Inntaket til flaumtunnelen ligg i nordenden av Sandvinvatnet, like sør for Odda Camping. Flaumtunnelen har ein kapasitet på 500 m³/s, er 2,6 km lang og går i fjellet under vestsida av Odda sentrum. 1,8 km inn i tunnelen frå inntaket vert flaumlukene montert. Desse vert opna ved flaum og regulerer vassføringa i flaumtunnelen. Det vil også vera luker ved inntaket som skal brukast ved vedlikehaldsarbeid i tunnelen. Utløpet av flaumtunnelen er til Sørfjorden, ved Kleivavika.

Like oppstrøms flaumlukene går tilløpstunnelen frå flaumtunnelen til kraftstasjonen. Den får eit francisaggregat med slukeevne 75 m³/s og installert effekt på om lag 55 MW. Utløpstunnelen frå kraftstasjonen går deretter inn i flaumtunnelen, nedanfor flaumlukene. Flaumkraftverket har dermed berre eitt inntak i Sandvinvatnet og eitt utløp i Sørfjorden. Kraftstasjonen blir kopla til Odda Energi sitt kraftnett med ein nedgraven kabel som går til koplingsanlegget på Smelteverkstomta.

For å byggja og drifta Opo flaumkraftverk vert det etablert fire tunnelinngangar til anlegget. Det blir ein inngang like sør for Odda Camping knytt til bygging og seinare inspeksjon av flaumtunnelen. Ved Erreflot går ein tunnel til flaumlukene, medan tilkomsten til kraftverket blir frå Bygda. Den siste tunnelinngangen blir ved rundkjøringa i krysset Eitrheimsvegen – Opheimsgata. For å sikra kapasiteten i flaumtunnelen ved ein flaum er det naudsynt med ei luftesjakt som kjem opp i dagen ved Hetleflot.

Visualisering av terskel ved utløp Sandvinvatnet



Sandvinvatnet vert regulert med 90 cm, mellom kote 86,5 og 87,4. Dette er innanfor vatnet sin naturlege vasstandsvariasjon. For å ha kontroll på vasstanden vert det etablert ein terskel ved utlaupet av Sandvinvatnet, like sør for brua der Rv 13 kryssar utlaupsosen. I terskelen blir det eit arrangement for å sleppa minstevassføring, og for å sikra fri passasje for fisk. Det vert etablert ei fisketrapp i Eidesfossen.

Massane frå fjelltunnelane er planlagt lagt i tre massedeponi. Det er planlagt eit deponi i Sandvinvatnet, som gjev ei utviding av areala til Odda Camping. Vidare er det planlagt eit deponi som gjev auka areal ved Sørfjordsenteret, og eit deponi utforma som molo ved småbåthavna ved Stranda.

Visualisering av tilkomst flaumtunnel frå rundkøyringa i krysset Eitrheimsvegen - Opheimsgata



Visualisering av massedeponi ved Sørfjordsenteret og utlaup flaumtunnel



DRIFT

Flaumkraftverket vert styrt av vasstanden i Sandvinvatnet, som igjen heng saman med kor mykje vatn som kjem til Sandvinvatnet til ei kvar tid. Kravet til minstevassføring har alltid prioritet. Dersom tilsiget til Sandvinvatnet er lågare enn dette, stansar kraftverket og heile tilsiget går til Opo. Vasstanden der flaumlukene vert opna vert kalla VOF (vasstand opning flaumluker). Ved vasstandar opp til VOF vert anlegget drifta som eit ordinært kraftverk. Det inneber at vasstanden i Sandvinvatnet vil variera, og at det tidvis vil vera overlaup over terskelen som gjev auka vassføring i Opo. Når vasstanden er på VOF vil flaumlukene opnast gradvis. Vasstanden er då uendra heilt til tilsiget er så stort at kapasiteten til flaumkraftverket er nytta fullt ut. Det er først når tilsiget til Sandvinvatnet overstig dette, at vasstanden i Sandvinvatnet vil auka ytterlegare.

Drifta er vist i tabellen nedanfor. LRV tyder lågaste regulerte vasstand og er ei absolutt nedre grense for vasstanden i Sandvinvatnet. LRV er på kote 86,5. HRV tyder høgaste regulerte vasstand og er grensa for når vatnet renn over terskelen og ut i Opo. HRV er på kote 87,4. VOF tyder vasstand opning flaumluker. Så langt er det lagt til grunn at dette skjer ved kote 88,3. Vidare arbeid kan visa at denne må justerast noko.

Vasstand i Sandvinvatnet	Tilsig til Sandvinvatnet	Vassføring i Opo	Kraftverk	Flaumluker
LRV–HRV*	Mindre enn minstevassføring	Heile tilsiget	 Står	 Stengt
	Meir enn minstevassføring	Minstevassføring	 I drift	
HRV–VOF*	Meir enn slukeevne kraftverk	Meir enn minstevassføring		 Står
VOF*			 Heilt open	
Høgare enn VOF*	Meir enn slukeevne flaumtunnel			

* LRV = Lågaste regulerte vasstand, HRV = Høgaste regulerte vasstand, VOF = Vasstand opning flaumluker.

TIDSPLAN

Forventa oppstart av anleggsarbeidet er i 2019. Planlagd byggetid er 2,5–3 år.

	2017	2018	2019	2020	2021
Høyring og handsaming av konsesjonssøknad					
Planlegging og prosjektering					
Bygging og idriftsetting					

FORHOLDET TIL OFFENTLEGE PLANAR



VERNEPLAN FOR VASSDRAG

Opo vassdraget vart verna i 1973 som ein del av den første verneplanen for vassdrag. Verneplanen er vedtatt av Stortinget og ein kan ikkje søkja om utbygging i eit verna vassdrag utan at Stortinget opnar for det. 7. desember 2016 vedtok Stortinget at dei opnar for at det kan søkjast om kombinert utbygging av flaumtunnel og kraftverk i Opo. Gjennom vedtaket har Stortinget sagt at dersom tiltaket har akseptable konsekvensar for verneverdiane, er ikkje vassdragsvernet eit hinder for å gje løyve til tiltaket.

SKL meiner ein flaumtunnel gjev ei robust og varig flaumsikring av Odda sentrum og områda rundt Sandvinvatnet, og at dette ikkje kan oppnåast med andre tiltak. Vidare viser konsekvensutgreiinga at dei negative konsekvensane for natur- og miljøforhold er avgrensa, og at verneverdiane som ligg til grunn berre i liten grad vert påverka. SKL meiner difor at vilkåra for å gje løyve til tiltaket sett opp mot vernebestemmelsane er oppfylt.



FYLKESKOMMUNALE PLANAR

Klimaplan for Hordaland 2014–2030 slår mellom anna fast at fleire flaumar vil auka skadar på bygningar, innbu og infrastruktur. I følgje planen bør difor investeringar med tidshorisont på over 30 år ta omsyn til venta klimaendringar som auke i nedbør og flaumvassføringar. Opo flaumkraftverk er utforma for å ivareta nettopp desse forholda, og er difor i tråd med klimaplanen.

Vidare fremjar «Klimaplan for Hordaland 2014–2030» produksjon av fornybar energi. Føreslått tiltak er i tråd med dette.

KOMMUNALE PLANAR

Det meste av tiltaket ligg i Odda sentrum og er difor hovudsakleg regulert for «tettbebyggelse/boliger». Området ved Hovden, nord for Sandvinvatnet, er avsett som statleg sikra friluftsområde. Influensområdet kring Sandvinvatnet og elles, er oppført som LNF-område. Delar av indre hamn er avsett som ankringsområde.

VASSFORSKRIFTA

Odda er prega av tungindustri, og særleg Sørfjorden har ei forureiningshistorie som strekk seg meir enn 100 år tilbake. Økologisk tilstand for Sandvinvatnet og elva Opo er begge sett til «moderat». Ein forventar å oppnå «god» kjemisk tilstand i Sandvinvatnet, medan den kjemiske tilstanden for Opo er «udefinert». Økologisk tilstand for vassførekomstane, Sørfjorden Indre og Sørfjorden Ytre, er begge sett til «moderat». Fjordområda er ureina av tungmetall m.m., og oppnår ikkje «god» kjemisk tilstand.

Ureiningssituasjonen i Sørfjorden har ført til at Mattilsynet har sett kosthaldsråd for området, sist vurdert i 2013.

Sandvinvatnet



VENTA VERKNADAR AV TILTAKET



ANLEGGSSFASEN

Anleggsfasen vert 2,5–3 år og den største negative konsekvensen er knytt til at anleggsarbeida kjem tett på Odda sentrum og vil vera ei kjelde til støy, støv og risiko knytt til anleggstrafikk. Dei andre temaa er vurdert til å ha liten negativ eller ubetydeleg konsekvens i anleggsfasen.

DRIFTSFASEN

Viktigaste positive konsekvensar

- Tiltaket gjev god kontroll på vasstanden i Sandvinvatnet, og gjev monaleg reduksjon i flaumvasstandane for dei større flaumane
 - Tiltaket sikrar busetnad rundt Sandvinvatnet mot ein 200-årsflaum inklusiv 40 % klimapåslag
 - Tiltaket reduserer konsekvensane av dei mindre og hyppige flaumane
- Flaumtunnelen får kapasitet til å redusera vassføringa i Opo med 500 m³/s
 - Saman med NVE si pågåande flaumsikring av Opo sikrar tiltaket Odda sentrum mot ein 1000-årsflaum inklusiv 40 % klimapåslag
- Valt flaumsikringsløyising er ei robust løyising
 - Løyisinga krev ingen førebuingar eller mobilisering i forkant av ein flaum
 - Løyisinga kan handtera langvarige flaumsituasjonar
- Kraftverket gjev 170 GWh/år ny fornybar energiproduksjon
- Kraftverket finansierer utbygging og drift av flaumverket. Offentlege budsjett vert ikkje belasta, korkje til utbygging eller drift.
- Flaumkraftverket gjev auka inntekt til stat og kommune

Viktigaste negative konsekvensar

- Vassføringa i Opo på ei strekning på 2,3 km gjennom Odda sentrum vert redusert til om lag 30 % av dagens vassføring. Dette er primært ein negativ konsekvens for landskapsopplevinga av Opo. Konsekvensen for livet i elva er vurdert til å vera liten.
- Grunna Odda si industrihistorie er det fleire diffuse forureiningskjelder langs Opo. Ved redusert vassføring i Opo vert resipientkapasiteten redusert.


For dei andre temaa knytt til naturmiljø er konsekvensane vurdert til å vera små eller ubetydelege.

Hydrologiske forhold

Opo flaumkraftverk gjev vesentleg reduserte vasstander i Sandvinvatnet i ein flaumsituasjon. Dette reduserer flaumfaren for landbruksjord og bustadhus, men også for Rv 13. Vidare reduserer tiltaket flaumvassføringane i Opo med opptil 500 m³/s.


Flaumkraftverket gjer Sandvinvatnet og Opo meir robuste til å møte eit endra klima med hyppigare og kraftigare flaumar.

Figuren under viser vassføringa i Opo i eit normalt år (2013). Blå linje viser vassføringa slik den faktisk var i 2013, medan raud strek viser korleis vassføringa ville ha vore dersom flaumkraftverket hadde vore etablert.



Elektrofiske i Opo





Figuren over viser korleis vasstanden i Sandvinvatnet kan variera i eit normalt år (2013). Blå linje viser faktisk vasstand i 2013, medan raud linje viser korleis vasstanden kan variera når flaumkraftverket er i drift.

Landskap

Dei største negative konsekvensane av tiltaket er knytt til temaet landskap. Dei mest synlege inngrepa er redusert vassføring i Opo, og dei tre planlagde massedeponia. Alle massedeponia er tenkt plassert i Sandvinvatnet eller i Sørfjorden, slik at dei gjev Odda sentrum auka nyttig areal.

Vassføringa i Opo varierer svært mykje over året. I vinterhalvåret er den ofte under $5 \text{ m}^3/\text{s}$, medan om sommaren og hausten er vassføringa sjølv i tørre år oppe i $150 \text{ m}^3/\text{s}$. Med tiltaket vil vassføringa i Opo



i gjennomsnitt over året vera om lag 30 % av dagens vassføring. Fagutgreiar vurderer konsekvensen av redusert vassføring i Opo på landskapsopplevinga til stor negativ. SKL er samd med fagutgreiar i vurderinga av omfanget på landskapsopplevinga ved at Opo vert fråført vatn. SKL er derimot ikkje samd i at konsekvensen vert større fordi busetnaden og kulturlandskapet knytt til industrisamfunnet i Odda er vurdert å ha stor verdi. Dette er verdiar som ikkje er kopla mot naturtilstand og det urørde, men tvert i mot kopla til fotavtrykk etter tung industri. SKL vurderer difor konsekvensen av dette noko lågare.

Forureining og vasskvalitet

Odda er prega av tungindustri, og særleg Sørfjorden har ei forureiningshistorie som strekkjer seg tilbake til starten av 1900-talet, då fleire større industriaktørar etablerte seg i nærområdet. Sjølv om utsleppa av miljøgifter til luft og vatn frå industrien er sterkt redusert dei seinare åra, har akkumulerte utslepp over lang tid og avrenning frå eldre deponi, gjort at overflatejord og fjordbassenget er merkbar forureina lokalt. Langs Opo er det fleire diffuse kjelder til forureining. Redusert vassføring i Opo gjev redusert resipientkapasitet som kan gje negative konsekvensar. Flaumsikring av desse områda sikrar samstundes mot at massane som er orsak til dei diffuse kjeldene vert vaska ut i ein flaumsituasjon.

Endra strøymingsforhold ved utlaupet i Kleivavika kan gje risiko for å reaktivere forureina massar på fjordbotnen. Utlaupe frå flaumkraftverket vert plassert i vassflata og utforma slik at dette vert førebyggt.

Samfunn, reise- og friluftsliv

Det er stor breidde i deltemaa som er dekkja av fagrapport Samfunn, reise- og friluftsliv. Her er konsekvensane vurdert for kommunale, sosiale og helsemessige forhold, nærings- og byutvikling, friluftsliv, jakt og fiske, samt reiseliv. Flaumsikringa gjev ein positiv konsekvens for dei fleste deltemaa. Fagutgreiar vurderer konsekvensane for utøving av fiske til å vera negativ, når ein ikkje tek omsyn til avbøtande tiltak. Med føreslått minstevassføring, etablering av fisketrapp og moglege biotopforbetrande tiltak meiner SKL at tiltaket vil betra dei samla forholda for fiske i vassdraget. Det skuldast mellom anna betre høve til oppvandring for fisken, som dermed gjev betre fiske i Storelva.

Utlaupe, Sandvinvatnet



AVBØTANDE TILTAK



Det er foreslått ei rekke avbøtande tiltak, både i anleggsfasen og driftsfasen. Berre dei mest sentrale er nemnde her. Alle tiltaka er presentert i konsesjonssøknaden.

ANLEGGSSFASE

Anleggsarbeid

I anleggsfasen er det naudsynt med tiltak for å redusera dei negative konsekvensane av anleggsarbeida i og nær Odda sentrum. Dette vil mellom anna omfatta grenser for natt- og helgearbeid og fysisk sikring av anleggsområde.

Odda Camping


Det er foreslått massedeponi ved Odda Camping som vil gje campingplassen auka areal. Saman med at området er foreslått som riggområde, er det ikkje mogleg å driva campingplassen i anleggstida. SKL er i dialog med Odda Camping og Odda kommune om alternativ lokalisering av campingplassen i anleggsperioden. Dette er viktig for Odda Camping, men også for andre reiselivsaktørar som nyt godt av at Odda har ein fungerande campingplass.

DRIFTSFASE

Minstevassføring

Det er foreslått slepp av minstevassføring i Opo heile året, varierende mellom 5 og 20 m³/s. Det er foreslått auka slepp under smoltutvandringa i april/mai og to kortvarige aukingar i slutten av august for å stimulera oppvandring av fisk i elva. Utvandringa av smolt kan vara noko lenger enn til 15.5, og minstevassføringa er difor på eit mellomnivå (15 m³/s) ein periode ut i juni. Dei lågaste vassføringane i sommarsesongen er lagt på 10 m³/s som hjelper til å gje eit gunstig vassdekt areal i elva. Vinterstid er vassføringa i Opo svært låg, og jamnleg under foreslått minstevassføring. I periodar der tilsiget er mindre enn dei føreslegne minstevassføringane, vert heile tilsiget sleppt til Opo. Når det er overlaup frå Sandvinvatnet vert vassføringa i Opo større enn minstevassføringa.

Forslag til minstevassføring



Fisketrapp i Opo

For å sikra fiskevandring er det foreslått at det vert etablert ei fisketrapp i Eidesfoss, i øvre del av Opo. Denne vil hjelpe fisken opp i Sandvinvatnet og Storelva og dermed auke det produktive arealet for anadrom fisk monaleg. I tillegg gjev dette den vaksne fisken eit godt område for å overvintre, og yngelen får eit stort oppvekstområde i Sandvinvatnet. Det vert også etablert eit arrangement i terskelen ved utløpet av Sandvinvatnet som sikrar fri passasje til og frå Opo. Fisketrappa vert følgt opp etter ein oppstartsfase.



Opo sett frå Mannsåker. Vassføring 4 m³/s



Opo sett frå Mannsåker. Vassføring 9 m³/s

SAKSGANGEN VIDARE



Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) handsamar utbyggingssaker sentralt. Handsaminga skjer i tre fasar: i) meldings-, ii) utrednings- og iii) søknadsfasen. Dei to første fasane er avslutta og konsesjonssøknad med konsekvensutgreiing er sendt NVE for vidare handsaming.

FASE 1 – MELDINGSFASEN

I meldingsfasen gjorde utbyggjar greie for aktuelle utbyggingsplanar og presenterte eit framlegg til konsekvensutgreiingsprogram. Føremålet var å informera om utbyggingsplanar og samstundes få tilbakemelding om relevante forhold og konsekvensar som det var naudsynt å utgreia nærare i den vidare prosjektplanlegginga. Melding med framlegg til konsekvensutgreiing vart sendt på høyring og NVE arrangerte eit ope folkemøte og orienterte om vidare saksgang. SKL gjorde greie for utbyggingsplanane. Meldingsfasen vart avslutta med at NVE fastsette eit konsekvensutgreiingsprogram.

FASE 2 – UTGREIINGSFASEN

Prosjektet vart utgreidd i samsvar med fastsett konsekvensutgreiingsprogram, og dei tekniske og økonomiske planane vart utvikla vidare med utgangspunkt i meldinga, høyringsfråsegn og informasjon som kom fram under utgreiinga. Ved innsending av konsesjonssøknad med tilhøyrande konsekvensutgreiing til NVE vart fasen avslutta.

FASE 3 – SØKNADSFASEN

Prosjektet er no i denne fasen. Planlegginga er avslutta og konsesjonssøknad med konsekvensutgreiing er sendt til NVE. NVE sender saka på høyring til dei same forvaltningsorgana og interesseorganisasjonane som i meldingsfasen, og i tillegg til alle som uttalte seg om meldinga. Denne brosjyren er meint å orientera om saksgangen vidare og dei endelege planane som konsesjonssøknaden byggjer på. NVE vil òg arrangere eit nytt ope folkemøte i samband med høyringa. Etter høyringa vil NVE arrangere ei sluttsynfaring og deretter koma med ei innstilling i saka. Innstillinga skal sendast til Olje- og energidepartementet (OED) for slutthandsaming.

Kongen i statsråd tek den endelege avgjersla. Store eller særleg konfliktfylte saker skal leggjast fram for Stortinget.

I ein eventuell konsesjon kan OED setja vilkår for drifta av flaumkraftverket og gje pålegg om tiltak for å unngå eller redusera skadar og ulemper.

SLUTTORD



Denne brosjyren inneheld ei kort utgreiing om dei tekniske planane for Opo flaumkraftverk. Viktige resultat og konklusjonar frå konsekvensutgreiinga er referert, og aktuelle avbøtande tiltak er føreslått. Hovudformålet med konsekvensutgreiinga har vore å skaffa til vege eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag, naudsynt for vidare og endeleg sakshandsaming. Vidare saksgang er skildra. Meir detaljerte opplysningar finst i konsesjonssøknaden med fullstendig konsekvensutgreiing. Denne er tilgjengeleg både på NVE og SKL sine nettsider.

SKL tenkjer langsiktig og har målsetting om ei berekraftig, framtidsretta og samfunnstenleg forvaltning av vassressursane. Gjennom kunnskapsbasert forvaltning har selskapet tru på at eit flaumkraftverk både kan sikra Opo og Sandvinvatnet mot dei store flaumane, oppretthalde miljøverdiane i vassdraget og samtidig gje fornybar kraftproduksjon.





Oversikt over kontaktpersonar hjå SKL og hjå NVE

Spørsmål om sakshandsaminga kan du rette til: Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) ved Laila P. Høivik
Telefon: 22 95 92 67 / 09575
Epost: lph@nve.no eller nve@nve.no
Nettside: www.nve.no

Spørsmål om konsekvensutgreiinga og dei tekniske planane kan du rette til: Sunnhordland Kraftlag ved Magne Andresen
Telefon: 975 56 146 / 975 56 064
Epost: man@skl.as
Nettside: www.skl.as

